



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 36/2020

Møtedato: 24.11.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Områderegulering for Vaset sentrum, oppstart av plan

Kommunen har varsle oppstart av plan for Vaset sentrum. I planforslaget er det skisser eit kompakt sentrum rundt Vasetenteret slik det går fram av skisse.



Fig.4: Mogleg arealbruk og planavgrensing

Det er ein mindre del av planområdet som ligg i statsallmenningen. Det gjeld arealet mellom Vasetvatnet, Sundheimselva og Båtåne. Deler er foreslege til sentrumsformål og parkering. Dette er lite problematiske. I sørvestre hjørne er det foreslege camping/hotell. Dette området er delvis dyrka og delvis dyrkbart. Området er i dag regulert til bustadformål. Kommunen har i 2016 vedteke at dette arealet skal først tilbake til landbruksområde.

I tidlegare planer har det vore skissert at sentrum skulle utvikle seg lengre vest mellom Panoramavegen og Vasetvatnet. Dette området er ikkje ein del av denne planen, men ved å leggja sentrum rundt Vasetenteret vil det likevel ha innverknad. Det arealet som blir «frigjort» må arealet likevel sikrast i seinare planer til framtidig sentrum om det skulle bli aktuelt. Det er eit svært attraktivt område, med både betre utsikt og betre lokalklima samanlikna med sentrum som no er foreslege. Det må ikkje brukast opp til fritidsbustadar eller bustadar. Det er nok areal til å sikre fritidsbustadar/bustadar andre plassar.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår at arealet i statsallmenningen som er regulert til camping/hotell går ut fordi dette er dyrka og dyrkbart areal.

Det arealet som blir «frigjort» mellom Panoramavegen og Vasetvatnet må sikrast i seinare planer til framtidig sentrum om det skulle bli aktuelt. Det er eit svært attraktivt område, med både betre utsikt og betre lokalklima samanlikna med sentrum som no er foreslege. Det må ikkje brukast opp til fritidsbustadar eller bustadar. Det er nok areal til å sikre fritidsbustadar/bustadar andre plassar.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår at arealet i statsallmenningen som er regulert til camping/hotell går ut fordi dette er dyrka og dyrkbart areal.

Det arealet som blir «frigjort» mellom Panoramavegen og Vasetvatnet må sikrast i seinare planer til framtidig sentrum om det skulle bli aktuelt. Det er eit svært attraktivt område, med både betre utsikt og betre lokalklima

samanlikna med sentrum som no er foreslege. Det må ikkje brukast opp til fritidsbustadar eller bustadar. Det er nok areal til å sikre fritidsbustadar/bustadar andre plassar.

Terje Kjøs reiste framlegg om å sløyfe første setning i vedtaket. Framlegget frå Terje Køs fekk ei stemme og administrasjon sitt framlegg fekk fire stemmer.

Vedtaket er ikkje enkelvedtak jf. forvaltningsloven og det er ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 26.11.20.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Statskog